

---

**Fra:** Arnhild Kannelønning  
**Sendt:** onsdag 3. juli 2019 15:40  
**Til:** 'arild.saetre@muho.no'  
**Emne:** Oversikt, tilskot frå kommunen til steinløa i Dalstø  
**Vedlegg:** Retningsliner.pdf (L)(510802).pdf

Hei,

Her kjem ei oversikt over tilskot frå Meland kommune til steinløa i Dalstø v/Terje Marheim.

Hordaland fylkeskommune har innvilga søknaden frå Meland kommune om stønad til steinløa i Dalstø v/Terje Marheim, og gir eit tilskot på 50.000 kr i 2019. Pengane kan utbetalast når dokumentasjon på at arbeidet er i gang vert førelagt kommunen. Vedlagt er retningsliner for tilskot til verna kulturminne, til å gjera seg kjent med.

*Kommunen skal rapportera til fylkeskommunen i 2020 og 2021. Ber difor i første omgang om å få tilsendt følgjande dokumentasjon innan 15. desember 2019:*

- › *Utgreiing av gjennomførte tiltak og eventuelle avvik frå planen for tiltaket.*
- › *Oversikt over kostnader og finansiering*

I tillegg kjem tilskot til ålmenne kulturmidlar, som samla for 2018 og 2019 er på 70.000 kr:

2018: 40.000 kr. (utbetalt)

2019: 30.000 kr. (vert utbetalt ila. dei neste vekene)

**Samla tilskot for 2018 og 2019:**

Ålmenne kulturmidlar 2018:	40.000 kr
Ålmenne kulturmidlar 2019:	30.000 kr
Tilskot til verna kulturminne 2019:	50.000 kr
<b>TOTAL:</b>	<b>120.000 kr</b>

Dersom de har spørsmål eller kommentarar, er det berre å ta kontakt.

*Dette skrivet vert også sendt som brevpost til Terje Marheim.*

Med venleg helsing

Arnhild Kannelønning

Kulturkonsulent

Tlf: 56 17 10 65 / 10 00 Mob: 975 15 928

E-post: [arnhild.kannelonning@meland.kommune.no](mailto:arnhild.kannelonning@meland.kommune.no)

